

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 10/2007

Møtedato: 17.01.07

Arkiv nr: 132

## **Etablering av Landbrukssenter i Valdres – søknad om støtte**

Frå Bioforsk Øst v/ Håkon Johs. Skarstad har fjellstyret fått følgjande søknad:

*Valdres har som kjend etablert Merkevarerprogrammet for Valdres, og satsar no på og blir Norges første regionale natur- og kulturpark etter mønster frå Alpelanda og Frankrike. I flor haust vart det som ledd i dette gjennomført ei mobilisering i landbruket for å satse på lokalproduksjon, foredling og omsetning, for å auke verdiskapinga i Valdres. Etter ein vellukka mobiliseringsrunde der omlag 110 bønder danna merkevarerorganisasjonen ValdresKvalitet BA, ynskjer Valdres å vidareføra landbruksatsinga gjennom etablering av eit Landbrukssenter for Valdres.*

*Etter fleire møte i vår, fekk Ken Lunn i Tine og underskrivne i oppgåve å utarbeida ei skisse fil kva for mål og' oppgåver eit slikt senter skulle fylle og korleis senteret kunne organiserast. Vedlagt fylgjer dokumenta som vart sendt ut til eit møte på Løken den 10.oktober.*

*Alle frammøtte, dvs. Valdres Regnskap, Felleskjøpet Øst Vest, Helle Slakteri, ValdresKvalitet BA, FMLA Oppland, Bioforsk Øst, Løken og Tine rådgjeving og medlem, uttala positivt at dei vil slutte seg fil denne avtalen. Vidare har vi fått positive tilbakemeldingar frå Valdres Forsøksring og Valdres Næringshage, og Region Valdres som initiativtakar reknar vi med vil gå inn med ein større sum.*

*I tillegg fil å drøfte avtaleutkastet, vart det og drøfta namn. Konklusjonen er ikkje trekt, men det er stansa opp ved namnet Valdreslandbrukets kompetansesenter (VALLAK). Dessutan meinte møtet at dette var eit kompetanse og næringsmessig initiativ for landbruket og landbrukstilnytta næringar som fleire bør vera med å dra i gang. Møtet vedtok dessutan å setje ned faggruppa som skal utarbeida fagprogram for 2007. Desse var:*

<i>Odd Erik Holden</i>	<i>(Tine og Valdres Regnskap)</i>
<i>Magne Mjøs</i>	<i>(Valdres forsøksring)</i>
<i>Kjell Håvard Tuv</i>	<i>(ValdresKvalitet BA)</i>
<i>Guri Grønolen</i>	<i>(FMLA Oppland)</i>
	<i>(Reiselivet i Valdres)</i>

*På denne bakgrunnen sender vi ut denne invitasjon om å bli med å etablere Valdreslandbrukets kompetansesenter (VALLAK). Om kort tid vil underskrivne ta telefonisk kontakt for å få avklara dykkar deltaking.*

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn ikkje å kunne støtte tiltaket.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 25.1.07.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Bioforsk Øst v/ Håkon Johs. Skarstad